

*Preses Olav Fykse Tveit*

*Tale ved festmiddagen Moster 01.06.2024*

Vyrde kronprins og kronprinsesse, Stortingspresident og statsminister! Kjære vertskap for Mosterjubileet, her på Moster, i Vestland fylke og Bjørgvin bispedømme! Gilde gjester frå utland og innland, gode kollegaer og medarbeidarar!

Feire fortid, forme framtid.

Det er ikkje alle gitt å få feire merkedagar med tre nullar. Men her er vi, vår generasjon i 2024, og feirar fortid i tusen år for kristenretten. Det er eit stort jubileum for nasjonen Noreg, og for kyrkja i Noreg. Vi feirar, og det til gangs. For det er verkeleg noko å feire. Eit stort og storstått program gir opplevingar og minner for livet. Takk til alle som har stått bak dette, som står på for å få det til!

It is a profound joy and honour to greet our international guests. Thank you for being together with us at this millennium jubilee for the nation and the Church in Norway. We belong to an international community and an ecumenical fellowship, a neighbourhood in this part of Europe, really a great family.

To be a nation and church is to be part of something greater. Outside and inside our borders, we are a fellowship of diversity. Together we are an expression of the one humanity. The Norwegians of today, are today reminded that our history and identity was formed by new impulses from outside Norway. The new faith, with new ethical standards and new traditions came to our shores and peoples. Today we value them as our own roots.

Verdier som kjem til oss, må gjerast til våre. Som den gongen, så òg i vår tid, på vår måte. Kyrkja i Noreg, i våre ulike kyrkjesamfunn, men også som del av eit verdsviđt fellesskap, må vise kva den kristne trua som kom, er og betyr i dag. Kva vil det seie å følgje

Jesus og hans liv og lære i møte med alt det som utfordrar oss som menneske, nasjon og menneskeheit?

Det som samlar oss i dag er relevant og rører ved oss som fellesskap, men også som personar, på ein eller annan måte. Vi har alle fått noko frå det som skjedde for tusen år sidan som pregar oss i dag. For nokon av oss på litt spesielle måtar. I dag nyt vi godveret og grønfargane her. 21. januar 1961 var det så kaldt, at fars plan om å døype meg i gamle Moster kyrkje måtte leggjast til side. Men eg vart skriven inn i kyrkjeboka for Moster sokn, døypt i Lykling kapell ikkje langt her i frå. Og det er ei hending som set trygge rammer for alle dagar i livet.

Det som samlar oss her er det beste vi har. Verdiar handlar om kva vi gir plass i livet. Å verne om menneske, om alles menneskeverd og menneskerettar er ei oppgåve og utfordring for oss alle. Det gjeld i våre nære relasjonar. Det gjeld når vi gjer våre demokratiske av dei som skal styre og ivareta våre grunnlovsfesta forpliktelsar og verdiar. Det gjeld i møte med den verda som vi møter kvar dag og time i media. Det handlar om urett og konfliktar, vald og krigar og konskevensar av alt dette for våre sårbare medmenneske og for oss sjølve. Verdi er eit vakkert ord på ein dag som dette, men også eit stort og krevjande ord å ta i vår munn.

Her på Moster kan vi nyte naturen, til liks med dei som var her for tusen år. Kanskje vi har enno meir bruk for det enn dei? Vi ser at å verne om Guds skaparverk også må handle om felles forpliktelsar, om både rettar og rettferd. Meir enn mykje anna formar det vår felles framtid.

Vi feirar også i dag at det skulle byggjast kyrkjer i Noreg. Kyrkja her på Moster er ei av dei eldste neveradne kyrkjebygg i landet. Kyrkjebygga er våre felles skattar, verdiar, både i konkret, kulturell og åndeleg forstand. Dei kan vere små, eller store som Nidarosdomen, men dei skal alle vere rom for alt det som

menneskelivet rommar, frå fødsel til død. Å ta vare på dei og bruke dei, gir vårt liv ei ramme frå vogge til grav. Kyrkjebygga kan nære vår tru, men også vårt håp og ikkje minst vår kjærleik, der dei står som teikn på at vi lever i ein større samanheng enn oss sjølve. Det treng vi alle, uansett kva for tru vi har eller ikkje har i vårt livssynsopne samfunn.

Lat meg difor avslutte med å seie: Takk! Takk til alle som står opp for det beste i dei verdiane vi feirar i dag. Vi må kjenne til kva dei er. Då kan vi gi dei form og innhald som kan skape fred og rettferd i vår tid. Slik kan dei forme også vår felles framtid.